



ÅRSMELDING FOR STRANDA HAMNEVESEN KF 2022

FORETAKET SITT FORMÅL:

Foretaket sitt formål er å stå for økonomisk utvikling, utbygging, vedlikehald og drift av offentlige hamnefunksjonar i Stranda Kommune.

Kontoradresse: Geirangervegen 2, 6216 Geiranger

Postadresse: Øyna 13, 6200 Stranda

Styret for perioden 2020 – 2023 er:

Medlem	Funksjon	Varamedlem i prioritert rekkefølge
Per Erik Dalen	Styreleiar	Per Wille
Frank Sve	Nestleiar	Øystein Strand
Torill Ansnes		Bodil T. Lie
Stein Lystad		Jostein Hole
Randi Sæter		Kristine Skarbø
Svein Erik Rimstad		
Inger Abelsen		

I samsvar med kommunelova skal styret sørge for at foretaket si verksemd skjer i samsvar med lover og forskrifter, foretaket sitt formål og vedtekter, årsbudsjett, økonomiplan og andre vedtak eller retningslinjer fastsett av kommunestyret. Styret vedtek eige årsbudsjett for foretaket som vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning.

Styret skal legge fram eiga årsmelding jf. Kommunelova sin § 9 - 8.

Forhold som er viktig for å vurdere den økonomiske situasjonen og stillinga til foretaket:

Etter koronapandemien, som råka foretaket svært hardt, har styret og administrasjon hatt ei stram styring på økonomi og bemanning. I 2022 er vi tilbake til ein «normalsituasjon» med god trafikk og eit godt resultat. Styret har i alle styremøter gjort ei vurdering og evaluering av foretaket sin strategi. Foretaket mottok ikkje skjønnsmidlar, kompensasjonsmidlar eller andre overføringar frå stat og kommune.

Stranda hamnevesen KF har eigne vedtekter og driv ei forretningsmessig verksemd og forvaltning av sjøområdet, for eigar Stranda kommune. Styret har gjennom budsjettåret lagt fram rapportar for kommunestyret som syner utviklinga i inntekter og utgifter. Styret har i tillegg vore ekstra påpasselig med å orientere eigar om foretaket sin strategi og har hatt ein god dialog med både politisk og administrativ leiing.

Hamnesjef er underlagt styret i foretaket og styret har roller og ansvar på lik linje med eit styre i eit aksjeselskap.

Forslag til endring i rammevilkåra frå 2026 utgjer ein driftsmessig risiko for hamnevesenet og vil vere krevjande for kommunen som eigar.

I 2018 vedtok Stortinget at turistskip og ferjer må segle utsleppsfritt i norske verdsarvfjordar innan 2026. Vi har merkt oss at det – både i stortingsvedtaka, i innstillinga til komiteen og i plenumsdebatten – går tydelig fram at det er eit mål å i) gjere verdsarvfjordane utsleppsfrie, og ii) sikre cruisetrafikk og reiselivsnæring i kommunane både før og etter 2026.

Dette oppdraget er, slik vi les det, ikkje løyst i utkast til høyring frå Sjøfartsdirektoratet, der ramma for oppdraget er:

- *Turistskip og ferger = passasjerskip med mer enn 12 passasjerer, herunder hurtiggående passasjerfartøy*
- *Geografisk avgrensning –verdsarvfjordene jf. miljøsikkerhetsforskriften §10a tredje ledd*
- *Tilleggsvedtakene*

Forslaget er sendt til Klima- og Miljødepartementet 02. januar 2023. Sjølve høyringa vert sendt ut på eit seinare tidspunkt.

Det er allereie 01.01 2019 innført ei eiga miljøforskrift i verdsarvfjordane med ei gradvis innstramming til strenge TIER III (utslepp til luft) frå 01.01 2025. Dette betyr at vi får dei beste og reinaste skipa til vårt sjøområde men trafikken vert betydelig redusert (50 – 70 %) frå dagens nivå.

Stranda kommune vil på sikt verte revidert på grøn berekraft. Styret i Stranda hamnevesen har starta arbeidet med å vurdere foretaket sitt samfunnsansvar, med samlebetegnelsen ESG, *Environmental and Social Governance*. ESG-rapportering vil gje både eigar og foretak eit verktøy for å identifisere og styre risiko, evaluere og måle suksess, samt identifisere utfordringar og muligheter fram i tid.

Økonomiske utvikling og stilling som tek omsyn til økonomisk handleevne over tid:

Det er eit grunnleggande og lovfesta krav at kommuner skal i vareta den økonomiske handleevna over tid. Dette gjeld også for det kommunale foretaket.

Foretaket si utfordring er å finne og foreslå gode løysningar for å møte Stortingsvedtaket, utan å stenge fjorden for cruiseturisme, eller anna båttrafikk som kjem inn under kravet. Vi må fortsetje å jobbe med tiltak, som ligg innanfor selskapet sitt formål for i størst mulig grad hindre negative konsekvensar av vedtaket, sett opp mot samfunnsmessige konsekvensar for kommunen og regionen. Til dette arbeidet treng foretaket store ressursar, både økonomisk og menneskelege.

I samband med dette arbeidet har vi utarbeidd ei omfattande drifts- og likviditetsanalyse t.o.m. 2026 der vi har teke utgangspunkt i det offisielle rekneskap t.o.m. 2021.

Når det gjeld perioden f.o.m. 2023 t.o.m. 2026 så har vi lagt til grunn økonomiplan, med korrigeringar som gjeld renter og avdrag, basert på KLP sine berekningar. Budsjett for 2026 er basert på ein tenkt situasjon med erfaring frå covid-året 2020 og med minimale faste kostnader. Vi har også sett på foretaket sin likviditet, utvikling og negative driftsresultat i perioden frå 2027 og utover.

For Stranda hamnevesen KF og kommunen sin del, så betyr dette i tillegg at vi må ha både avklaringar og drahjelp frå myndighetene i ein overgangsperiode, delvis frå 01.01 2025 og frå 01.01 2026, når eit vedtak om nullutslepp slår inn for fullt.

Vesentlige avvik frå vedtak i kommunestyret som gjeld budsjetttramma og oppsummering av investeringar og ubrukte lånemidlar pr. 31.12 2022:

Det er budsjettert med eit netto driftsresultat i 2022 på ca 10 MNOK. **Netto driftsresultat er kr 15 425 146 medan brutto driftsresultat i 2022 viser eit overskot kr 3 005 549.** Årsaka til det store avviket er på grunn av ei ekstraordinær nedskrivning av anleggsmidlar, stor kr 13 559 318. Dette er synleggjort på eiga linje i fremlagt rekneskap. Netto driftsresultat vert ikkje påverka sidan same beløpet vert ført som ein motpost på linje 32. Nedskrivninga gjeld i all hovudsak Stranda kai som aldri vart realisert, prosjektet vart avvika og anlegget skulle ha vore skreve ned til null. Elles har det vore ei effektiv drift og auka inntekter ved fleire anløp og passasjerar enn budsjettert. Dette er delvis på grunn av omdirigeringar av skip i Europa og situasjonen i Ukraina, fleire skip til Seawalk og høgare bruttotonnasje.

Det er i 2022 registrert 157 anløp i Geiranger og på Hellesylt med ca. 320 000 passasjerar. Når det gjeld anna trafikk er antal passasjerar ca. 95 000. Dette er passasjerar som bruker Stranda hamnevesen sin kaiinfrastruktur. Alle tilgjengelige kaiplassar er utleigd til næringstrafikk.

Stranda hamnevesen har ei høg lånegjeld og har betalt renter og avdrag på ca. kr 3 million, fullt ut.

Til samanlikning er:

Rekneskap 2022	Rekneskap 31.12.2022	Rekneskap 01.01.2022	Endring 2022
Langsiktig gjeld	55 622 464	58 623 340	-3 000 876

Rekneskap 2022	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik mellom rekneskap og budsjett
Samla driftsinntekter	37 239 714	36 546 833	692 881

Rekneskap 2022	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik mellom rekneskap og budsjett
Investeringsutgifter	3 149 013	17 010 000	-13 860 987

På grunn av mangel på avklaringar frå myndighetene, har styret ut i frå sine strategiske vurderingar, ikkje funne det forsvarleg å setje i verk budsjetterte investeringar. Unntaket er utgifter til forprosjekt, jf. vedtak om å etablere ei ny fortøyningsbøye ved Hellesylt cruise kai. Vidare har vi utført grunnboringar ved Stranda kai der vi har, i tillegg til eigenfinansiering, motteke prosjektmidlar frå Omstillingsprosjektet Geirangerfjorden og verdsarvområdet. Når det gjeld investeringar, jf. anleggsregister, så er dette forskutterte beløp som vert anmoda utbetalt ved prosjektslutt.

Anleggsregister

Ein gjennomgang av anleggsregister skal gjerast kvart år for å ha forståing og informasjon om prosjekta det vert arbeidd med. Dette for betre å ha ei meining om kva verdi som kan aktiverast i det enkelte prosjekt. Dette har i ein periode ikkje vore grundig nok utført.

Under ein intern gjennomgang av anleggsregister og varige driftsmidlar i januar 2023, viser det seg at ein akkumulert verdi på ca kr 13 464 514 frå perioden 2005 – 2013, fortsatt står i balansen.

Opprinnelig anskaffelseskost i 2005 er kr 37 9479 med opprinnelig avskrivning kr 16 1278. I 2010 er opprinnelig anskaffelseskost ført med kr 13 464 514 og opprinnelig avskrivning med kr 4 039 354.

Beløpet gjeld Stranda kai som aldri vart realisert, prosjektet vart avvikla og anlegget skulle den gong ha vore skreve ned til null. Beløpet på ca. kr 13 464 514 er ei vesentlig korrigering og vil påverke Stranda hamnevesen sin økonomi.

Rekneskapen er utarbeidd i medhald til føresegnene i ny kommunelov (LOV-2018-06-22-83) og ny forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning, (FOR-2019-06-07-714), gjeldande frå 1.1.2020.

Unntak frå dette er gjort i 2022 rekneskapet, der styret i foretaket vil vise nedskrivning av anleggsmidlar på eiga linje i økonomisk oversikt for drifta, der dette er trekt ifrå brutto driftsresultat. Netto driftsresultat vert ikkje påverka. Det vert elles vist til kommentar om dette i revisjonsmeldinga.

Tiltak som er sett i verk, og planlagt for å sikre ein høg etisk standard:

Kommunestyret gjorde i sak KOM 070/15 vedtak om etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Stranda kommune. Dei tilsette i det kommunale foretaket er underlagt dei same retningslinjene som elles i kommuna.

Dette gjeld også prosedyrer utarbeidd for innkjøpsprosessane sett opp mot innkjøpsregelverket jf. Forvaltningslova sin § 6.

Styret har i 2022 gjennomført eigarmøte, ved fleire høve orientert kommunestyret og rådmann, samt evaluert hamnesjef sitt arbeid. Styret si eigenevaluering er utsett til 2023 og skal gjennomførast før val av nytt styre etter kommunevalet. Årshjul 2023 vert evaluert i forhold til kommunevalet 2023.

Måloppnåing og mål for det vidare arbeidet i foretaket:

Styret har, og skal kontinuerlig arbeide med å:

1. Sørge for god økonomistyring og lønsemd. Vi må prise våre tenester slik at vi bidreg til ei grøn omstilling og sikrar eit godt økonomisk fundament.
2. Skape vekst og utvikling innan vårt ansvarsområde. Dette kan igjen bidra til å bygge opp eit robust og utsleppsfritt reisemål.
3. Vere ein tydelig samfunnsaktør og bidra i arbeid med konsekvensutgreiing i Stranda kommune.
4. Ha ein framtidretta miljøprofil og miljøstyring basert på fakta.

5. Legge til rette for mottak av nye miljøvennlige og utsleppsfrie cruise- og passasjerfartøy i sjøområdet også etter 1.1 2026. I tillegg skal vi arbeide for å få ei godkjenning på open sidefjord til Geirangerfjorden slik at skip kan segle inn til Hellesylt basert på TIER II krav.
6. Legge til rette for mottak av mindre utsleppsfrie fartøy i heile sjøområdet som omfattar nye anlegg for ilandstigning. Vi må ha på plass nødvendig kaiinfrastruktur som er basert på realistisk og oppnåelig teknologi.
7. Bidra i arbeidet med kartlegging og analyser av ulike energiberarar i området både på sjø og land. Vi må få etablert tilstrekkelig infrastruktur i sjøområdet for å kunne tilfredsstillе strenge miljøkrav etter 01.01 2025.
8. Bidra i utvikling av nye forretningsgrunnlag med bakgrunn i nye miljøkrav og endra cruisetraffikk og sørge for nødvendig dokumentasjon og fakta.

Kjønnslikestilling og arbeidsgjevar si aktivitetsplikt:

Hammesjef (kvinne) er tilsett i 100 % stilling . Foretaket har leigd inn ekstra kapasitet i administrasjonen ved behov. Innleigd driftsselskap har gjort ein svært god jobb både på Hellesylt og i Geiranger.

Hammesjef rapporterer direkte til styret og styreleiar er næraste overordna. Det har ikkje vore yrkesrelatert sjukefråver i 2022.

Verksemda sine mål og andre ikkje - økonomiske forhold som har vesentlig betydning for foretaket, eigar og innbyggjarar:

Verksemda står ikkje direkte ansvarlig for drift som fører med seg belastning på det ytre miljø. Environmental Port Index (EPI) er eit viktig verktøy og metode for å måle utslepp til luft når skip ligg til kai eller er oppankra. Dette gjeld kun for fartøy over 1000 bruttotonn.

Stranda hamnevesen har gjennom miljøforskrifta sine TIER krav, dei strengaste miljøreguleringane i Norge. I tillegg til dette er det innført ei grense på ca. 6000 passasjerar pr. dag i Geirangerfjorden. Stranda hamnevesen KF premierer rederi og fartøy som tek investeringane for å vere leiande på klimateknologi og nullutslepp. Vi gjev ein miljøbonus på 60 % for fartøy som kan dokumentere nullutslepp for heile seglingsperioden i Stranda kommune sitt sjøområde.

Det er oppretta eit midlertidig mottaksanlegg i Geiranger for å unngå utslepp av avfall i sjø. Ordninga har fungert svært godt og ferjer og passasjerfartøy har benytta seg lojalt av tilbodet, som er basert på sjølvkostprinsippet.

I samband med Covid-19 har Stranda hamnevesen innført tiltak og kontroll i samband med smittevern og cruisetraffikken. Nokre av dei tiltaka er vidareført i 2022.

Vi har no eit mulighetsrom til å skape ein utsleppsfri reiselivsdestinasjon, som cruise sjølv sagt er ein del av. Det er viktig for Stranda hamnevesen at reiselivet ikkje stoppar opp sjølv om det no er innført særlege miljøkrav frå 01.01 2019 som gjeld strengare utslepp til luft i verdsarvfjordane, og i tillegg eit vedtak om nullutslepp frå 01.01 2026.

Dessverre går ikkje den teknologiske utviklinga raskt nok til at ei omstillinga går knirkefritt. I tillegg, så er det ei stor utfordring at grensene og regelverket for verdsavområdet, går utover grensene for verdsarvfjorden som skal beskyttast og vernast – altså Geirangerfjorden. Det er med vedtaket om nullutslepp, lagt nye rammevilkår for cruisetraffikk i Norge, med verdsarvfjordane som pilot.

Stranda hamnevesen har så langt vore proaktive og arbeidd med avklaringar og ulike prosjekt for å bidra til å oppretthalde både næringsinntekt og aktivitetar, inntil teknologi og nødvendig infrastruktur er på plass.

Dette gjeld blant anna:

- Forprosjekt land- og ladestraum som omfattar kartlegging av marked, nettilkopling, teknisk løysning , forretningsmodell og fleksibilitet/ skalering
- Prosjekt «Grøn kai» - ny infrastruktur for utsleppsfrie fartøy
- Vedtak om nullutslepp 2026 og arbeid inn mot Sjøfartsdirektoratet, departement, maritim næring, rederi m/fleire
- Forprosjekt Geiranger gjeste- og småbåthamn
- Forprosjekt Stranda kai og grunnboring
- Forprosjekt turist- og beredskap på Hellesylt
- Kartlegging av handlingsrommet vi har innanfor Havne- og farvannsloven samt regulering av trafikk
- Høyringsuttaler

Vidare er Hellesylt cruisekai regodkjent for 5 nye år i samband med mottak av internasjonal trafikk, vi har sett på drifts- og tenestekjøp og vi har delteke på ei cruisemesse og gjennomført digitale rederimøter.

Vårt klare mål er at vi skal bidra til å bygge opp Geirangerfjorden som eit robust og utsleppsfritt reisemål, ikkje berre på sjø, der cruiserederia sender sine beste skip, men også på landsida, med utsleppsfri transport.

Stranda 28.02 2023

Per Erik Dalen
Styreleiar

Frank Sve
Nestleiar

Stein Lystad

Torill Ansnes

Randi Sæter

Svein Erik Rimstad

Inger Abelsen

Per Robert Wille